

**Fra:** Øystein Alme <oystein.alme@gmail.com>  
**Sendt:** torsdag 15. april 2021 10:27  
**Til:** Bernt Brandal  
**Kopi:** ranjadalme@hotmail.com; Postmottak Hareid  
**Emne:** Lokaliteter i Hareid for sjøbasert oppdrett  
**Vedlegg:** Uttale til torskeoppdrett ved Laupen oktober 2020.docx

Hei,

Viser til info på nettsidene til:

Vikebladet: <https://www.vikebladet.no/nyhende/2021/04/14/Tilr%C3%A5r-fleire-lokaliteter-for-sj%C3%B8basert-oppdrett-23799718.ece>

og

Hareid

kommune: <https://innsyn.hareid.kommune.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2020017328&dokid=256050&versjon=1&variant=A&>

Når eg ser over punkta som er lista opp på Hareid k. sine nettsider (sjå lenger nede) vart eg noko undrande.

Hareid k. profilerer seg no som ei kommune som er lydhøyr til innspel frå innbyggjarane, såleis er det skuffande å sjå at skrivet frå meg då det for noko sidan kom ein søknad om torskeoppdrett ved Laupen ikkje ser ut til å vere tatt med i vurderingane i det heile.

Viser til vedlagt kopi av dette brevet.

Med opplistinga under (delvis frå vedlagt fil) meiner eg Hareid k. må gjere ei ny vurdering av om det er fornuftig å sette av dette området til framtidig sjøbasert oppdrett.

1. Seinast sist haust kunne vi telje store mengder krabbe- og hummarteiner i det aktuelle området. Dette er eit svært god område for dette fisket og bør takast hensyn til.
2. Rett nord for Laupsvika er der ein fin badeplass, som sommarstid vert nytta av bebuarane både i Kåvika og på Haggardsneset, truleg også av folk frå Eiksund. Denne vil oss svært gjerne få kunne nytte i framtida og.
3. Vi er sjølvstogt og spørjande til kva konsekvens det får for den lokale fiskebestanden i fjorden, dersom ei slikt anlegg vert etablert.

Miljødirektoratet har og laga eit nytt digitalt kart som syner i kva verneområde det er forbode å ferdast medan fuglen hekkar, dette dekker mellom anna heile Alstranda naturreservat. Det er ikkje vanskeleg å forstå at den daglege støyen frå eit eventuelt oppdrettsanlegg er uønska i dette området.


I desse områda treng fuglen å hekke i fred:

<https://www.vikebladet.no/nyhende/2021/04/02/I-desse-omr%C3%A5da-treng-fuglen-%C3%A5-hekke-i-fred-23736011.ece>



Utsnitt frå Hareid k. sine nettsider:

## LAUPSVIKA



### Hovudpunkt

- ❖ Naturreservat Alstranda – H560 (bevaring naturmiljø) Verna område med heimel i naturmangfaldlova
- ❖ Lite busetting i området
- ❖ Vil truleg ikkje medføre vesentleg skade på naturmangfaldet på land. I sjø må det vurderast nærare når type anlegg er bestemt.
- ❖ Ingen registrerte kulturminner i nærleiken
- ❖ Aust for området er i plankart merka med omsynssone H310 ras- og skredfare
- ❖ Ingen registrerte kulturminner i nærleiken
- ❖ Fiskeplassar – passive reiskap, sei og lyr
- ❖ Over 5 km til registrert gyteområde for vill torsk
- ❖ Unngår konflikt med dagens skipstrafikk
- ❖ Ingen teknisk infrastruktur på land
- ❖ 2,5 km avstand til lakse lokalitetane Gjerde og Bjørndal. 5 km avstand til utslippspunktet ved settefiske-anlegget Storelva og slakteriet i Vartdal

### SAMLA VURDERING:

Området vert **anbefala** til bruk av sjøbasert oppdrett. Anbefalinga baserar seg på at det er vil vere låge konsekvensar for eksisterande skipstrafikk, samt at det ikkje er registrert naturtypar eller lokalitetar i sjø. Det er også lite busetnad i området. Det er også for kort avstand ifg. Mattilsynets anbefalingar om avstand (5km) til andre akvakulturlokalitetar, det kan likevel etablerast anlegg innanfor 2,5 km dersom anlegga har felles brakkleggingstid(brakkleggingsgruppe), jf. Mattilsynets rettleiar §7 2 ledd.

Eg håpar denne infoen kan vere til hjelp for å ta ei god og framtidsretta avgjerd for lokalitet "Laupen" på komande møte i Formannskapet.

Mvh,  
Øystein Alme  
Almestranda 335